

Fossing Storsmolt AS
Kjølebrødveien 1034
3766 SANNIDAL

Vår dato: 05.02.2018
Vår ref.: 201710086-6
Arkiv: 312
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Andreas Selstad Ottesen
22959528 / baso@nve.no

Fossing Storsmolt AS – løyve til mellombels nedtapping av Bakkevann, Tekstjenn og Skjærstjø i Lonavassdraget, Bamble og Kragerø kommunar i Telemark

Vi syner til dykkar søknad av 13.12.2017, om løyve til mellombels senking av vasstanden i Bakkevann, Tekstjenn og Skjærstjø i Bamble og Kragerø kommunar.

Om søknaden

I samband med vassdragskonsesjon til Fossing Storsmolt AS av 28.09.2017 er det naudsynt å oppgradere damanlegga til dei sju magasinane som konsesjonen omfattar. Det er eit mål frå Fossing Storsmolt AS å få gjennomført oppgraderinga på samtlege dammar i løpet av 2018. Det vert i første omgang søkt om mellombels nedtapping av vasstanden i Bakkevann, Tekstjenn og Skjærstjø. Fossing Storsmolt AS ynskjer å seinke vasstanden i magasinane for å utføre arbeidet på tørr grunn. Det er ønske om å få gjennomført oppgradering av dei tre nemnde dammane i perioden januar – mars 2018.

Det vert søkt om følgjande:

- Seinke vasstanden i Bakkevann inntil 1,0 m under LRV i perioden 15.01-01.04 i 2018
- Seinke vasstanden i Tekstjenn inntil 2,2 m under LRV i perioden 15.01-01.04 i 2018
- Seinke vasstanden i Skjærstjø inntil 1,0 m under LRV i perioden 15.01-01.04 i 2018

I søknaden står det følgjande om dei tre innsjøane:

«**Bakkevann:** (innsjø nr. 7904) Har et areal på 0,564 km² med en godkjent reguleringshøyde på 1,3 m som utgjør et volum på 720 000 m³. Magasinet har gjennom årene hatt en varierende vannstand mellom praktisert HRV og LRV på ca. 1,5 m. Ønsket midlertidig senkning er 1,0 m under LRV tilsvarende 2,3 m under HRV. Det vurderes å ha svært liten påvirkning på det økologiske miljø og omgivelser i forhold til 3. person. Vannet inneholder de mest vanlige fiskearter som ørret, røye, abbor og suter. I tillegg sies det at det er satt ut karpe-fisk. Det vil være en betydelig innsjø også i den nedtappede perioden og ned-tapping skal skje langsomt. Vannet reguleres normalt, slik at situasjonen med usikker is på vinteren er et kjent problem. Imidlertid

vil tiltaket annonseres og gjøres kjent i nærmiljøet nettopp av hensyn til sikkerhet i forhold til å ferdes på isen.

Tekstjenn: (innsjø nr.7961). *Har et areal på 0,115 km² med en godkjent reguleringshøyde på 1,8 m som utgjør et volum på 200 000 m³. Magasinet har ikke vært aktivt regulert de senere årene slik at vannstandvariasjoner har vært styrt av nedbørsforholdene. Dammen har vært i svært dårlig forfatning hvilket medførte at magasinet i stor grad var helt nedtappet i årene 2011 - 2014 som følge av defekt bunntappeluke. Bunntappeluken ble rehabilitert 2014, men dammen har fortsatt store lekkasjer og følgelig synker vannet betydelig i tørkeperioder når det ikke tilføres vann fra ovenforliggende magasiner.*

Det søkes nå om senkning av vannstanden ned til bunntappeluke, tilsvarende nivå som i årene 2011 - 2014 og som vedlagte foto dokumenterer. Senkningen blir da 4,0 m under HRV tilsvarende 2,2 m under LRV. Vannet benyttes i svært liten grad av allmenheten med unntak av naboer i nær tilknytning til vannet. Det er et nært samarbeid om løsninger med naboene inkl. grunneier. Det vil ikke være kritisk m.h.t. fiskebestanden i vannet da det vil være betydelige gjenværende vannvolumer i perioden. Nedtappingshastigheten tar hensyn til fiskebestanden som består av ørret, røye, abbor og suter. Det økologiske mangfold er ikke undersøkt i detalj, men ifølge kjentfolk er det lite som tilsier spesielle arter. Med tanke på at vannet mer eller mindre har vært nedtappet 4 sammenhengende år kort tid tilbake er nye negative følger av denne kortvarige senkningen svært lite sannsynlig.

Skjærstjø: (innsjø nr. 8053) *Har et areal på 0,357 km² med en godkjent reguleringshøyde på 1,3 m som utgjør et volum på 450 000 m³. Magasinet har vært utnyttet til kraftproduksjon de senere årene og har vært regulert av grunneier som benytter eiendommen til rekreasjon med brygge, dam og fritidsbolig. Dammen er i dårlig forfatning med betydelige lekkasjer som også påvirker reguleringen / vannstanden. Aktuelle tiltak er kommunisert med grunneier som er positiv og vil bidra til løsninger. Dette er en beskjeden dam med maksimal høyde 2,5 m med bunntappeløp ca 2,3 m under damkrone. Dette tilsvarer ønsket senkning av vannstand inntil 1,0 m under LRV. Vannet ligger som et sidevassdrag til hovedvassdraget og det er et svært begrenset nedslagsfelt rundt vannet. Med så begrenset senkning på 1,0 m under LRV vil vannet fortsatt fremstå som et stort vann med store vannvolumer til fisk og bunnlevende organismer. Fisk i dette vannet er tilsvarende nabovannene som ørret, abbor og røye. Usikker på om suter finnes i vannet. Vannet ligger lite tilgjengelig for allmenheten og benyttes lite med unntak av de nærmeste naboer.*

Før mulig oppstart av senkning og fysiske tiltak, vil fremdriften være som følger:

- *Senkning av oppstrøms magasiner ned mot LRV som gjelder Storfiskvann, Tråvann og Vestre Engevann for å redusere tilsiget nedover i vassdraget under anleggsperioden.*
- *Den vestre vannstrengen som drenerer ned til Bakkevann kan ikke reguleres slik at dette tilsiget må håndteres og tas høyde for i de omsøkte magasinene.*
- *Etter senkning av oppstrøms magasiner senkes Bakkevann og Tekstjenn delvis parallelt. Tekstjenn vil ha svært lavt lokalt tilsig.*
- *Skjærstjø senkes mens anleggsarbeidene i Tekstjenn pågår.*
- *Anleggsarbeider på Bakkevann og Tekstjenn vil pågå samtidig for å begrense tiden med liten vannføring.*
- *Anleggsarbeider på Skjærstjø etter avsluttet arbeider ved Tekstjenn.*

- *Det vil være en minstevannføring i vassdraget under arbeidets gang og i påfølgende periode under oppfylling av magasinene.*
- *Full oppfylling av magasinene vil skje i forb. med snøsmelting april måned.»*

Høyring

Søknaden er ikkje kunngjort lokalt då verknadane av regulering av dei omsøkte innsjøane vart vurdert i samband med behandlinga av vassdragskonsesjonen som vart gitt 29.09.2017. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at saka er godt nok gjort greie for ved dette.

Bamble kommune uttaler i e-post av 25.01.2018:

«Det vises til søknad om midlertidig nedtapping av Bakkevann, Tekstjenn og Skjærsgjø i Lonavassdraget, Bamble og Kragerø kommuner i Telemark.

Dersom nedtappingen vil føre til usikker is i større grad enn det som anses som normalt for vannene, må tiltakshaver vurdere informasjons- eller sikkerhetstiltak for å unngå personulykker.

Bamble kommune har ellers ingen merknader til tiltaket.»

Fylkesmannen i Telemark uttaler i e-post av 22.01.2018:

«Fylkesmannens miljøvernnavdeling har vurdert søknaden. Vi er av den oppfatning at sikring og vedlikehold av dammene i vassdraget er viktig og vi stille oss positive til gjennomføringen slik det er omsøkt. Av søknaden framgår det at vannmagasinene vil ha betydelige vannvolum til disposisjon i perioden med nedtapping under LRV.

Til saken vil vi likevel anmerke forhold knyttet til mulig bever i vassdraget.

Vi anmoder om at det tas kontakt med kontaktperson Arne Sjørdalen i viltnemnda i Kragerø kommune for å få en faglig uttalelse knyttet til dette temaet for den perioden det er søkt om 15.01-01.04.2018.»

Telemark fylkeskommune uttaler i brev av 23.01.2018:

«Det vises til brev om høyring av løyve til nedtapping av vann til industriformål i Bamble og Kragerø kommuner.

Telemark fylkeskommune har ingen merknader av regional karakter til tiltaket.»

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til avvik frå manøvreringsreglement i medhald av vassressurslova § 8 når føremålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell inn under dette føremålet.

Bamble kommune, Fylkesmannen i Telemark og Telemark fylkeskommune har ingen større merknader til mellombels nedtapping av innsjøane slik som omsøkt. Fylkesmannen viser til at det er bever i vassdraget og at dette bør sjekkast ut med viltnemnda i Kragerø for å få ein fagleg uttale.

NVE har vore i kontakt med viltnemnda og viltforvatninga i Drangedal og Kragerø. Det vert opplyst at det er registrert 2-3 beverhytter ved Skjærsgjø, og observert bever der sist haust. Det er og truleg bever

knytt til Tekstjenn og Bakkevann. Om beveren vert negativt påverka er vanskeleg å vurdere då det er fleire faktorar som spelar inn; korleis lokaliteten er, plassering av hytta, andre hytter, elveutlaup, is på vatnet, osb. Den generelle tilbakemeldinga er at nedtapping under LRV er uheldig for beveren på denne tida av året. Beveren kan bli utestengd frå matlageret og inngangen til hytta kan komme over vatn. Om hytta og inngangen kjem over vatn vert hytta dårlegare isolert. Det vart også vist til ein rapport frå Høgskulen i Sørøst-Noreg: «Konsekvensene av betydelig redusert vannstand for to beverfamilier i Nøklevann». Rapporten konkluderer mellom anna med at beverkoloniane i Nøklevann synast å ha komme gjennom vinteren 2015-2016 utan betydeleg negative konsekvensar på tross av sterkt redusert vasstand (5,5 m nedtapping). Det vart også konkludert med at beveren måtte bruke meir energi og eksponere seg meir enn normalt fordi større delar av hyttene vart liggande over vatn og dermed vart dårlegare isolert.

NVE vurderer at ei nedtapping som omsøkt kan få negative konsekvensar for bever i ein avgrensa periode. Bever er samtidig ingen truga art. NVE meiner at tiltaket kan akseptast med tanke på verknad for bever.

Ved Gongeelvas utløp i Bakkevann er det registrert naturtypen «Deltaområde» med verdi viktig. I Naturbase står det at det er mykje spor etter beveraktivitet i området. Ved Bakkevann er det vidare på sør-austsida registrert naturtypen «Intakte lavlandsmyrer» med «lokal verdi», og på nordsida av vatnet like vest for utløp av Vitterselva er det registrert naturtypen «Rik sump- og kildeskog» med verdi «viktig». Vest for Skjær sjø er det registrert naturtypen «Rik edelløvsog», verdisett som «viktig». Det er ikkje påvist raudlista artar knytt til naturtypane.

NVE vurderer at dei registrerte naturtypane i liten grad vil bli påverka av redusert vasstand då nedtappinga av innsjøane skjer utanom vekstsesongen.

Det vert opplyst at det finnst aure, røye, abbor og suter i innsjøane. NVE vurderer at tidspunkt for tapping i liten grad vil påverke desse fiskeslaga dersom nedtappinga skjer skånsamt og det til ei kvar tid vert sikra minstevassføring i utløpselvane.

NVE meiner at vurderingane er i samsvar med dei prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når det vert gjort vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i den anledning påpeike at tiltaket er midlertidig og eventuelle ulemper for fisk kan avbøtast ved å stille krav til slepp av minstevassføring i utløpselvane gjennom heile anleggsperioden. NVE kan også stille krav til at nedtapping av innsjøane skal skje gradvis. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Ved senkinga blir det blottlagt noko botnareal, men det er ikkje større grunner som blir liggande eksponert. NVE vurderer den midlertidige senkinga som akseptabel i høve landskapsinteressene.

Det er nokre hytter ved Bakkevann, elles er området relativt lite nytta til friluftsliv om vinteren. I søknaden er det ikkje nemnd andre brukarinteresser. Verdien av friluftsliv knytt til vatna vert noko redusert i ein periode då vatna er nedtappa. NVE vurderer likevel at ei mellombels senking som akseptabel i høve friluftslivinteressene.

Ved å ta omsyn til naturverdiane i området kan ikkje NVE sjå at mellombels senking av vasstanden i Bakkevann, Tekstjenn og Skjær sjø er til skade for nokon kjende ålmenne interesser.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Fossing Stormolt AS kan senke vasstanden Bakkevann inntil 1,0 m under LRV, Tekstjenn inntil 2,2 m under LRV og vasstanden i Skjær sjø inntil 1,0 m under LRV i perioden 01.02-15.04 i 2018. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Krav til minstevassføring på utbyggingsstrekninga skal overhaldast til ei kvar tid, også under oppfylling til normal vasstand.
- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar. Maksimal hastigheit for nedtapping settast til 15 cm/døgn.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg.
- Nedtappinga skal kunngjerast ein gong lokalt i god tid før nedtappinga startar.
- Det må informerast om nedtappinga og farane denne kan føre til, på skilt og i andre informasjonskanalar før og i anleggsperioden, til vatnet har nådd ny normalvasstand.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova pliktar konsesjonæren etter krav frå NVE å bringe forholda i lovleg orden. NVE kan fastsette tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.
- NVE føreset at Fossing Storsmolt AS har ordna dei privatrettslege tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som følge av tiltaket.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunnjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Bamble kommune
Einar Tafjord
Fossing Storsmolt AS
Fylkesmannen i Telemark
Kragere kommune



Telemark fylkeskommune
Viltforvaltningen i Dragedal og Kragerø v/Erik Selander Jensen